

Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

- søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller fylkesarkivet@hfk.no innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, anne.aune@hfk.no, 55239956

1. Søkjar		
Namn på søkjar:	Fusa kommune	
Organisasjonsnr:	964968896	
Kontaktperson:	Erik Vangsnes	
Adresse:	Boks 24, 5649 Eikelandsosen	
Telefon:	47277146	E-post: erik.vangsnes@fusa.kommune.no
Skattekommune:	Fusa	
Medlemstal:		

2. Søknad		
Totalbudsjett:	180.000	Søknadssum: 30.000
Tidsskrift/publikasjonar: Bok	Tema: Lokal språkarv	
Skisse for prosjektet:		
<p>Lars Holdhus (1917-2000) samla inn lokale ord og uttrykk og anna tradisjonsstoff frå Fusa, på 1980- og tidleg -90-tal. Han leverte inn eit uferdig manus til kulturkontoret i 1995. Manuset består i hovudsak av ein ordbokdel med i alt 2690 ord. I tillegg er ein del uttrykk samla under tema som vér, om snø, nokre songar mm Manuskriptet har blitt liggjande m.a. fordi ein trong ein større gjennomgang av ordbokdelen.</p> <p>Sidan 2013 vart det etablert eit samarbeid med UiB om hjelp til å redigera ferdig manuset. Dette arbeidet vart slutført i januar 2016. Etnolog Ella Marie Brekke Vangsnes skal skriva eit portrett om Lars Holdhus innleiingsvis i boka, medan Gunnstein Akselberg har lova å skriva eit fagleg etterord. Samla sidetal vert truleg 194 sider.</p>		
Mål og framdriftsplan for prosjektet:		
<p>Målet er å gje ut boka med ord og uttrykk frå Fusa hausten 2016. Sleppedato ca 15. oktober. Målet er å ha manus klart til trykking per 1. septembar. Vi har engasjert ein lokal biletkunstar til å laga bokbunaden og illustrasjonar slik at stoffet blir godt tilgjengeleggjort for ein brei lesarkrins. Likeeins har vi tinga bidrag til forord og etterord med leveringsfrist 15. august.</p> <p>Vi trur boka vil ha stor ålmenn interesse i Fusa og for språktradisjonsinteresserte både regionalt og nasjonalt. Opplag vert 1000 eks. Utgjevar vert Fusa kommune. Det kunne vore ideelt å ha eit samarbeid med eit sogelag eller mållag, men diverre har vi ikkje slike lag som er fungerande per i dag.</p>		

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):
<p>Fusa kommune vil i 2016 gje ut bok med tradisjonsstoff som er samla inn av tidlegare skulelærer Lars Holdhus (1917-2000). Boka vil innehalda ei frodig ordsamling som gjev ein unik dokumentasjon av dialekten og ordtilfanget i Midthordlandsbygdene. Ei slik ordbok er også ein eineståande dokumentasjon av og kunnskapsbank om, tidlegare tiders levemåte, samfunn og verdisystem.</p> <p>I tillegg vil boka ha ein del tradisjonsstoff med solmerke, vermerke, regler mm.</p> <p>Gjennom eit samarbeid med UiB får boka ein høg fagleg kvalitet på ordbokdelen der ein har med både ordklassar og jamføringar med andre ordbøker. Dette arbeidet er utført av Jarle Halveg. Ordbokdelen er ordna alfabetisk og inneheld vel 2690 ord. Boka vert utstyrt med ein portrettartikkel om ordsamlaren Lars Holdhus skriven av etnolog Ella Marie Breke Vangsnes, medan professor Gunstein Akselberg har lova å skriva eit etterord med eit fagleg innspel om den kulturhistoris-</p>

ke verdien av dette tradisjonsmaterialet og om talemålet i Fusa og Midthordlandsbygdene.

Redaksjonen legg stor vekt på at dette tradisjonsmaterialet må ei tiltalende form slik at ein når ut til ein brei lesarkrins lokalt. Det er difor sett inn ekstra ressursar på å gje boka ein tiltalende bokbunad der det også vert illustrasjonar som bryt og formidlar stoffet på ein god måte. Illustratør Anja Tveiterås har ansvaret for dette. Boka får eit opplag 1000. Sidetal på 194. Sleppedato ca 15. oktober,

Søkjarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.